

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gulen

Emne: Bordskikk til hverdags

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Dalsøyra

(adresse): Dalsøyra

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje sjølvroynt.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fortalt av Jon Kjellevoid, gardbr. og postopnar. 86 år. Dalsøyra.

SVAR

1. Ein sat alltid ved bordet til alle matmål. Før i tida var det støtt langbord i stova. No tek det til å minka på dei. Borda vert mindre, og sett midt på golvet.
2. Heile huslyden sat ved bordet. Dette er vanleg skikk enno.
3. Alle åt på same tid, både tenarar og husbondsfolk og born.
4. Det vart ikkje gjort nokon skilnad på maten. Alfekk av det same.
5. Før i tida var det vanleg at ein åt i stova. I seinare tid har det vorte til at mange et på kjøkenet, til kvardags.
6. Til sundags og andre høgtider et ein likevel i stova. Alle et i lag, tenarar, husbondsfolk og born.
7. Husbonden hadde fast plass i høgsetet. Dei andsat meir som det kunne falla seg. Husmora sat jamnast på benken framfor bordet, ved sida av husbonden, men dette var ikkje nokon fast skikk.
8. Det er ukjent her å la borna stå ved bordet.
9. Husbondsplassen heiter framleis høgsetet. Det er vanleg plassen for den bordenden som er nærast vindaugssida i stova, etter at bordet er flytt ut på golvet.
10. Plassen nærast glasveggen, og for enden va bordet vert halden gjævast, men plassen vert ikkje merkt ut på nokon serleg måte.
11. Ein var slekt ikkje serleg påpasseleg med å vaska hendene før ein gjekk til bords. Ein gjorde det jamnast ikkje - utan at ein var verkeleg "skiten". Det er først i seinare tid - dei siste 30 - 40 åra det er vorti vanleg å vaska hendene før maten. Men ein tok alltid hua av ved bordet.
12. Graut og mjølk og annan slik mat vart alltid eten or same fatet. Den skikken vart det slutt på for omlag 50 år sidan. Fleire brukte same mjølkekoppen. Det var berre spørsmål om å rekka til. Mjølkekoppene og mange andre bidne var av tre. Det var fyrst då kaffien kom i bruk, for 50 - 60 år sidan, at det vart vanleg med ein kopp til kvar. Det var vanleg vis å ta ein grautbete på skeia, og så duppa ho i mjølkekoppen. No drikk sume mjølka av koppen til grauten. Andre slår mjølka på grauten, og et ho med skei. Skeiene var av horn.

- 13. Gryta har aldri vorti sett beint på bordet her.
- 14. Kom det tilfellelege gjester freista ein ein jamt å skipa det litt hamslegare på bordet, la på duk, fann fram finare koppar og anna bordstell o. l. og skrella potetene, om ein elles ^(åt dei) uskrella.
- 14. Det var vanlegt å laga betar av fisk, sild og flesk på den måten at ein la flatbrødstykke på baa sider, oftast i fleire lag, og beit for enden. Desse betane kunne ymsa i storleik, - frå storleik som ei fyrstikkøskje til storleik som ein handlove. Dei vart kalla bete (ein) eller kling (ein).
- 15. Det vert rekna for god bordskikk å ta sukkerbeten i munnen og drikka kaffi attåt. Før brukte ein elles jamt kandissukker. Det var så drygt, at mange brukte ha det i kaffien og røra i med ei skei. Sukkeret låg likevel ofte att på botnen av koppen.
- 16. Før var det det mest vanlege at ein drakk kaffien av skåla, og det vart då rekna for god bordskikk. No er det ikkje rekna for å vera heilt som det skal vera, men det er nokså vanleg enno. "Når eg kom på vitjing til bestemor mi, fekk eg ofte ei skål med kaffi, med eit stort stykke kandissukker i. Når eg då hadde drukki kaffien, knaska eg i meg sukkerstykket. Det tykte eg var så godt."
- 17. Gaffelen kom i bruk her mellom 1870 Og 1880, så eldre folk minnest godt den tida ein åt utan gaffel.
- 18. Mennene brukte ofte tolleknivane sine ved bordet. Kvinnene fekk ofte serlege bordknivar, eller dei lånte tolleknivane til karane.
- 19. Kvar hadde si skei, men inga viss. Skeiene var sjeldan merkte. Dei var laga av horn, stundom av tre. For ikring 50 år sidan kom metallskeier i bruk. Så nær som sylvskeier. Av dei hadde det funnest ei og onnor før den tida og, men dei vart berre brukte til store høgtider. Dei fyrste metallskeiene som kom i bruk i vanleg bruk, var visst av eitslag sink. Dei vart snart stygge. Sidan fekk vi skeier av alluminium. Dei var betre. Skeiene stod i ei rekke på veggen, "men når dei byrja å vaska dei, veit eg ikkje. Det var før mi tid, og eg er no 86 år."
- 20. Steinty eller porselen kom i bruk her i barneåra mine. Det for steintyjakter kring i fjordane og selde. For omlag 50 år sidan tok ein til å brusers tallerkar til kvar i staden for sams grautfat eller mjølkefat.
- 21. Til kvardags brukte ein ikkje bordduk. Men alt i barneåra mine kom bordduken i bruk til høgtids. No ligg ofte bordduken på mellom måltida og, då det til kvardags mest alltid vert brukt voksdruk.
- 22. Til kvardags vert det jamnast brukt voksdruk, eller ein vaskar det kvitskura bordet. Måla bord er meir sjeldan i bruk til matbord.
- 23. Før i tida delte matmora maten ut. Det vart kalla "å etla maten". Husbonden fekk fyrst, husmora sist. Av borna fekk dei eldste fyrst, dei yngste sist. Tenarane fekk oftast før borna.
- 24. Kjøtt, flesk, og fisk vart alltid delt, men ikkje sild. Flatbrødet vart oftast delt. Smør og ost og. Det var slett ikkje lett å dela så at alle vart fornøgde, så matmora hadde eit vanskeleg arbeid.
- 25. Dei vaksne karane fekk mest. Kvinnene fekk litt mindre, og borna fekk etter storleiken. "Kona mi etla maten dei fyrste åra vi var gifte, men vi slutta snart med det, og det kom av bruk i kring 1900."
- 26. Når borna var 4-5 år gamle får dei eta sjølva utan hjelp ved bordet. Då får dei og forsyna seg

x sette dei fram

- 3
- sjølve. Oftast er det mora eller eldre sysken som hjelper dei ved bordet, men stundom kan det og vera bestemora eller tenestgjentene som gjer det.
27. Det var heilt vanleg å tyggja maten til småborna før i tida, heilt til for 40-50 år sidan. Tåte var også vanleg brukt.
 28. Summe brukte å lesa eller syngja før og etter maten, andre ikkje. Borna las vanleg bordbøn før og etter maten høgt. Skikken er enno i bruk hjå sume, serleg i huslydar der det er born. Om det er framande til stades, gjer ikkje noko frå eller til. - I einiskilde tilfelle kan borna verta så unnselige at dei ikkje kjem seg til å lesa med det er framande til stades.
 29. Det både var og er ingen ting i vegen for å prata med bordet med ein åt. Det var ingen skilnad på husbonden og andre i så måte.
 30. Det vart heller ikkje haldi for å vera uhøveleg å le med ein åt, men noko ordtak om det er ikkje kjent.
 31. Forteljaren kjenner ikkje til at det skulle vera noko uhøveleg i å syngja ved bordet, men det var ikkje vanleg at vaksne folk gjorde det. Borna sulla no så ymse, men ein gjorde ikkje noko ståk for det.
 32. Ein venta jamnast med å gå frå bordet til alle var ferdige, men det var ingen fast regel.
 33. Jamnast sa ein takk for maten til husmora i det same ein gjekk frå bordet, men det vart ikkje rekna så nøgje på det. Det er likeeins no og.
 34. Kom ein framand inn til folk som sat til bords, sa han: "Velbekomme!" eller "Signe maten!" Dette er god folkeskikk framleis.
 35. I fall ein hadde slik mat at ein tykte ein kunne by ein framand, baud ein alltid gjesten om å setja seg til bords i lag med ein. Hadde ein det ikkje såleis, orsaka husmora seg best ho kunne, for denne skorten på gjestfridom. "Gjesten fekk ha det til gode."
 36. Kom ein framand til gards i mellom måltidene, vart det jamnast laga mat til han då og. I seinare tid vert det då kaffi og brødskiver. Før var det helst rjomekolle, flatbrød og spekekjøtt ein treiv til i snøggvenda slik.
 37. Ein ville gjerne gje alle gjester det beste ein kunne by. Men det hende då det kom gjester ein ikkje hadde så stor godhug for og. Dei fekk då nøgja seg med ringare slag. "Då eg var gutunge hadde vi ein lærar som heitt Årø. Han kom tidt og ofte på vitjing til oss, og eg missunte han både tidt og ofte all den gode maten mor gav han." - Det hadde vori godt nok til han med ringare slag, tykte eg."
 38. Jamnast hadde ein kaffi eller ein rjomeask til den som inno, men kaffikjelen stod aldri på heile dagen. Dette er likeeins no og, men sidan folk tok til å levera mjølka på meieriet, vert det mest kaffi det går på. Det er så lett vint å verma ein kaffi *skvett* no sidan vi fekk elektrisk kraft.
 39. Det vert ikkje rekna for god folkeskikk å la ein framand få mat på kjøkenet. Jamnast et husfaren i lag med den framande, men er ikkje han til stades, skal husmora halda gjesten med selskap, - i stova.
 40. Ein måtte alltid nøyda gjesten til å eta, - og la seg nøydast og, om ein sjølv var gjest. "Ein lærar Ekelend var så fæl å nøyda meg til å eta når eg kom til han eit ærend. "Så, et no!" sa han, minst

dei tie gongene med eg sat ved bordet. Og så flyt-
te han ustanselig tallerkenane att og fram på bor-
det."

- 41. I fall ein gjest sit åleine og et i stova, må
husbonden (helst) - eller ein annan av huslyden
vera til stades og prata med han. Anna vert rek-
na for å vera uhøveleg. Vedkomande sit då helst ikkje
ikkje ved bordet, men det er ingen fast skikk
med dette. Det skil seg om ein kjenner gjesten
eller ikkje. Er det kjensfolk, tek ein det ikkje
så nøye med slikt.

4856

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING